

REFERAT FRÅ FAU – møte 29.10.19

Til stades:

Maren Koch (1. kl), Ingeborg Bø Rolfsen (8. kl), Ole Henry Asheim (5. kl), Ola Johan Settem (4. og 6. kl), Toralf V. Ladstein (7. kl), Svanhild Eggebø Spanne (3. kl) og rektor Bente Tjelta

Sak 1-19/20 Konstituering

Leiar: Toralf

Nestleiar: Maren

Sekretær: Svanhild

SU: Toralf og Maren, vara: Ingeborg

SMU: Toralf, Maren og Ingeborg, 1.vara: Svanhild, 2. vara Ola Johan

Første SU/SMU-møte 7. nov kl. 9-11

Sak 2-19/20 Korleis velgja FAU-medlemmer

Frå og med neste år blir FAU-medlemmer valgt på foreldrekontaktmøtet på hausten. Altså at FAU-representantane blir foreldre som allereie er foreldrekontaktar Det er ønskjeleg med ein representant frå kvart trinn (ein person kan vere for fleire klassar).

Sak 3-19/20 Foreldreforedrag «Hvordan være foreldre til digitale barn»

Det er kome tilbod frå Stavanger kommune om foreldreforedraget «Hvordan være foreldre til digitale barn». FAU ønskjer å få dette til Finnøy om mogleg. Bente melder frå til Stavanger kommune.

Sak 4-19/20 Vedtekter for SFO.

Frå 01.01.2020 er det nye vedtekter for SFO i og med at det blir Nye Stavanger kommune.

Dei viktigaste endringane er:

1. Det blir no berre 60% og 100% plass. Skulen har søkt om å få behalda den inndelinga som er per nå fram til sommaren, men har ikkje fått svar per dags dato.
2. Det blir ope på SFO alle kvardagar utanom juli og 5 planleggingsdagar. Dette gjeld frå 1 .januar.
3. Alle betalar for 11 månadar. Det blir ikkje eigen betaling for enkelte dagar i tillegg slik det er nå.

FAU si tilbakemelding på dei nye vedtektene:

Ang pkt 7 «Plasstørrelse og oppholdstid» er det viktig at skulen har høve til å vera fleksible, slik det står nå.

FAU ønskjer å behalda lågaste sats 0-6 timar ut skuleåret.

Sak 5-19/20 Skulen sine mål og verdiar

Skulen har jobba med verdiar både på elev-, foreldre og personalnivå. Verdiane er Respekt, Tryggleik, Læringsglede og Mangfald.

Det skal lagast ein visjon, og FAU er bedt om å koma med forslag.

FAU tar dette opp på møtet rett over nyttår. Ser då også på formuleringane i dokumentet «Vår pedagogiske plattform»

Sak 6-19/20 Brev frå Fogn om 17. mai og klassekasse/ 10. klasseset

Det er kome brev frå FAU på Fogn ang praksisen rundt klassekassar og kor mykje som fylgjer elevane frå dei ulike øyane inn i ungdomsskulen. FAU jobbar med svar på dette på møtet over nyttår.

Referent: Svanhild E. Spanne